



Styringsgruppa for kompensasjonsmidlar i  
Hordaland ved Samarbeidsrådet for  
Sunnhordland  
Postboks 444  
5403 STORD

Dato: 25.09.2014  
Vår ref.: 2014/13790-3  
Saksbehandlar: artarne  
Dykkar ref.:

## Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgivaravgift; - rammer for utarbeiding av handlingsplan for 2014.

Av tildelingsbrevet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) går det fram at den statlege ramma for 2014 er på 45,4 mill kr. Kopi av brevet er lagt ved. I tråd med tidlegare praksis blir opptente renter frå ikkje utbetalte kompensasjonsmidlar for tidlegare år lagt til ramma. For 2013 var rentene på kr 4 379 000. Vidare vil vi vidareføre ordninga med å nytte delar av ramma til å styrke forvaltninga av kompensasjonsmidlane i fylkeskommunen. I 2014 vil kr 800 000 bli nytta til dette.

Samla gir dette følgjande økonomiske ramme for Plan for bruk av kompensasjonsmidlar 2014:

Statleg ramme for 2014:	kr 45 400 000
+ Renter for 2013:	kr 4 379 000
- Disponert til forvaltning:	<u>kr 800 000</u>
<b>Netto disponibel ramme for 2014:</b>	<b><u>kr 48 979 000</u></b>

I eit notat frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet blir det gjort greie for vidareføring av forvaltingsregime i 2014 med nokre justeringar. Notatet er lagt ved. Av notatet går det fram at noverande styringsgruppe blir vidareført for 2014 og at alle dei 7 kommunane er med i disponeringa av midlane for 2014. Vidare går det fram at søknadsprosedyren skal leggast om, noko som allereie er gjennomført i samarbeid med Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Det blir også pekt på at prosjekta skal ha ein klar bedriftsretta relevans. I den samanheng vil vi peike på hovudstrategiane i gjeldande næringsplan og dei tilhøyrande prioriterte innsatsområda i handlingsprogrammet for 2014.

Vi vil også vise til tildelingsbrevet frå KMD kor det heiter at departementet forutsett at fylkeskommunane prioriterar bedriftsretta tiltak med formål å utvikla arbeidsplassar og medverke til verdiskaping.

Vi ser fram til eit godt samarbeid og ynskjer lukke til arbeidet med ein plan for bruk av kompensasjonsmidlane for 2014.

Mette Nora Sætre  
nærings sjef

Arthur Kristian Arnesen  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*